

PM

Bedriftsløp Sveineskogen R2

19. april 2023

Frammøte/ parkering

Parkering i Høg-Jæren energipark. Innkjøring merka frå Buevegen (fv 504) mellom Varhaug og Karlsbu. Parkering er ved dei 2 innerste vindturbinane, bare parkering på tilvist stad. Det er merka frå parkering til samlingsplass i skogen, 5-10 minutt å gå. Ikkje eigna for barnevogn.


Kart og terreng:

Sveineskogen. Målestokk: 1:5000. Ekvidistanse: 5 meter . Kartet har hatt ein oppdatering i 2023. Skog med varierende tetthet, grusvegar. Stort sett god løpbarhet.

Ei bekk mot nord er ikkje passerbar ved mykje regn, og vi har difor merka området nord for denne som forbode område. Dette er for å hindra vegval der ein må passera bekken.



I vest er deler av skogen avgrensa av eit piggrådgerde. Av omsyn til tryggleiken er tilstøytande område markert som forbode område.



I den austlege delen av kartet går eit piggrådsgjerde i nord-sør retning. For tryggleiken er det merka med band. Det er tillatt å kryssa dette, men vi ber alle løparar vere merksame på dette ved passering.



Løyper:

Oppvarming bør gjerast mellom samlingsplass og start. Det er mange postar i terrenget, og nokre postar ligger tett. Løparar bør difor vera nøye med å sjekka postkodar. Løype A-E har kartbytte med del 1 på framsida og del 2 på baksida.

Lause postbeskrivelser er tilgjengeleg på start. Løpet er ordinært, det er difor tillatt å lesa kartet 1 minutt før start.

Løype	Løypelengde i km	Antall postar	Klassar
B	4,9	26	HA, HB
C	4,3	26	DA, HC
D	3,9	23	DB, H16, H40
E	3,8	23	H50
F	3,7	23	D16, H60-H70
G	3,4	21	D40, D50
H	3,0	17	D60-D75, H75
I	3,1	14	HT, H80, D80
J	2,8	14	DT
K	2,1	14	DNY, HNY

Start og mål:

Start er 200 meter frå samlingsplass, mål ved samlingsplass.

**Kiosk:**

Salg av kaffi, brus og kaker. Betaling med VIPPS til 997 93 721.

Do:

Bak ein busk eller tre.

Førstehjelp:

Jørgen Breivold (eller Inger Skretting Opstad)

Løpsleiar:

Inger Skretting Opstad tlf 997 93 721

Løypeleggjar:

Jørgen Breivold tlf 936 08 718

Vel møtt!